



## Sakliste årsmøte 22. mai 2023

1. Årsberetning
2. Rekneskap
3. Bridge i skulen, v/Tarjei
4. Kveldskontigent
5. Val
6. Eventuelt

Vel møtt!

---

**[www.osbk.no](http://www.osbk.no)**

---



## ÅRSMELDING 2022-2023

### Styret har vore sammensett slik:

Leiar:	Reidar Dale
Kasserar:	Linda Rasmussen
Styremedlemmer:	Leif Juvik, Wenche T. Nyborg, Joleiv Midttveit
Revisor:	Kåre Kristiansen
Valkomite:	Bjørn Hauge og Frode Dyrstad

### Styremøte

To styremøte er avvikla i perioden. Elles held styret kontakt via e- post/telefon/Facebook.

### Spelekveldar

Det er blitt avvikla 35 spelekveldar i perioden. I tillegg til dei ordinære spelekveldane blei det avvikla 3 turneringar på Herdla i forbindelse med klubbturen der i januar, og juleturnering i Eldresenteret 30. desember. I juniorklubben er det avvikla ca 20 spelekveldar på biblioteket. Dessutan var klubben på tur til Sandnes i forbindelse med NM junior i oktober og hyttetur til Kvamskogen i februar.

### Aktivitetsnivå

Oppmøtet på klubbkveldane har vore noko aukande denne sesongen, spesielt i månadene etter nyttår. På dei 30 spelekveldane i perioden august - april har det delteke 268 par, noko som gjev eit snitt på 8,9 par pr. kveld. Snittet pr kveld i sesongen 2019-2020 (siste før pandemien) var 7,6

### Medlemmer

Klubben har ved utgangen av mars 2023, 30 registrerte medlemmer. Talet ved utgangen av mars 2020 var 35. Juniorklubben har ved utgangen av mars 2023 25 medlemmer (fire av dei vaksne resten juniorar). Talet ved utgangen av april 2020 var 27 (4 + 23)

## Bridgemate/meldeboksar/kortdublering

Vi har fungerande bridgematar til 18 bord, ein server, ein printer, ei kortdubleringsmaskin og meldeboksar til ca 20 bord. Juniorklubben har etter tilskot frå Gjensidigestiftelsen bridge + more til 6 bord, + rikeleg med kort, mapper og meldeboksar.

## Spelelokale

Alle spelekveldane i perioden er blitt avvikla i Os Eldresenter. Juniorklubben har hatt sine spelekveldar på Bjørnafjorden bibliotek, hovudbiblioteket i Bahusfabrikken.

## Grasrotandelen/momskompensasjon

Inntektene frå Grasrotandelen blei i 2022 kroner 16. 262.- mot 21.483 i 2021. Juniorklubben hadde 5.017.- i Grasrotmidlar i 2022 mot 4.230.- i 2021. Ein feil frå revisor førte til at både Os bridgeklubb og Os juniorbridgeklubb fekk feil momskompensasjon denne gongen, For juniorklubben var feilen betydeleg. Tala vil bli retta og korrekt utbetaling vil koma i desember 2023.

## Os juniorbridgeklubb

Os juniorbridgeklubb hadde sin første spelekveld i februar 2018 og har no meir enn fem års drift. På haustparten 2018 blei klubben organisert som eigen klubb, og han er oppe og går med egne vedtekter, eige organisasjonsnummer ect. Dette gjer det enklare å søka på ulike støtteordningar som fins for denne type klubbar.

Medlemstalet har hatt ein liten nedgang, og ved utgangen av mars 2023 er 25 medlemmer registrert i klubben (27 ved utgangen av mars 2022). Frå tre til fem bord har vore i sving på biblioteket dei fleste spelekveldane.

Klubben har i løpet av perioden fått betydeleg støtte, både offentleg og frå næringslivet. Hjarteleg takk til Fana sparebank, Sparebanken Vest, OBOS, Avinor, Os Lions, BK Missklikk, SKL og Bjørnafjorden kommune ved kulturavdelinga. Også takk til Bjørnafjorden bibliotek som lar oss låna biblioteket til å ha spelekveldane på.

Nokre bilete frå aktivitetar i klubben her:



Frå standen til klubben på Frivilligmessa i Oseana, september 2022. Nora og Linnea som speler mot Sienna og Linda her.



Mykje latter og gøy på biblioteket gjennom sesongen. Leah og Jenny Marie på biletet her.





Gjengen som var med til junior-NM i Sandnes, oktober 2022.



Juniorklubben si juleavslutning på Rice, desember 2022.



Premieutdeling etter hytteturen på Solhovden på Kvamskogen, februar 2023.



## Juniorar saman med seniorar

Tre spelekveldar denne sesongen har vi invitert juniorane til å spela saman med oss om måndagane. Antall spel blir då tilpassa, og enkelte bord speler gjerne bare to spel i runden når dei andre speler tre. Opptil 5 juniorar har vore med å spelt desse kveldane, og vi håper at enno fleire blir med komande sesong.



Juniorar i eldresenteret. Reni og Nora, mot Anniken og Linnea (Linnea delvis skjult).



Nora og Linda mot Harald og Grete (Grete delvis skjult).

## NM par junior

NM par for junior blei spelt helga 22. - 23- oktober, denne gongen i Sandnes med Sandnes juniorbridgeklubb/NBF Rogaland som arrangør. Det blei spelt i to puljer, open og rekrutt.

I open pulje spelte Thea Hove saman med Thea Indrebø og Carl-Otto Curran med Joakim Sæther. Ingen av para nådde heilt opp denne gongen og det enda med åttandeplass for Thea og Thea, medan Carl-Otto og Joakim blei nummer 12.

I rekruttpuljen blei det meir spenning, då Solveig Dræge og Sienna Vedå Vangdal kjempa i teten gjennom heile turneringa. Heilt fram til sisterunden låg paret i leiing, men då smatt eit par forbi og det enda med ein flott 2. plass. 19 par deltok i rekruttpuljen, fem av dei frå Os juniorbridgeklubb.



Andre plass til Sienna og Solveig i NM-par rekrutt 2022 i Sandnes.



## Bridge i skulen

Like før jul kom nyheten om at Sparebankstiftelsen DNB støttar norsk skulebridge med 3 millionar kroner. Blant anna Tarjei Vangdal har vore sentral i utforminga av søknaden. Meininga er at 10 000 sjetteklassingar dei neste åra skal få innføring i bridge rett etter skuletid. Dei tre første skulane, Tindlund barneskole i Sarpsborg, Fjellhamar skole i Lørenskog og Vågsbygd skole i Kristiansand starta opp i april i år, og fleire kjem med etter kvart.

Også vi håper å få med ein skule på dette prosjektet, og vi har blant anna vore i kontakt med Lunde barneskule og håpar å få igong skulebridge der frå hausten av.



Om det går som vi håper blir det skulebridge på ein skule i Os frå komande haust.

## Simultanturneringar

Simultanturneringane rullar og går no gjennom heile vinterhalvåret med frå ca 100 - 400 deltakande par kvar kveld. Vi har deltatt måndagane med fine enkeltresultat og bra samanlagtplasseringar. Beste spelar frå klubben denne sesongen blei Kåre Aasen på 4. plass og Frode Dyrstad på 19. plass. Ca 3400 spelarar har deltatt i simultanturneringar på landsbasis denne sesongen.

## MP-treff

MP-treffet blei spelt måndag 5. desember med 8 lokale par til start. Best av våre blei Jan Hjermann - Leif Juvik med 23. plass blant dei totalt 224 para som deltok.



## Os BK juleturnering

Etter to års pandemipause var juleturneringa endeleg tilbake denne sesongen, Turneringa blei spelt fredag 30. desember med 18 par til start. Det er klart lågare deltaking enn åra før pandemien, men vi håpar å få opp deltakinga igjen i åra som kjem.

Vann gjorde som så mange gonger før Sven-Olai og Jim Høyland. Beste ospar blei Leif Fjellro - Kåre Aasen på femteplass. Her er nokre bilete frå turneringa:



Vinnarar av juleturneringa blei som så mange gonger før Jim og Sven-Olai Høyland



Oskar (med kvit genser) og Rune Fagerbakke mot Bjarte Haugland og Roger Træet.



Beste ospar blei Leif Fjellro - Kåre Aasen på femteplass. Her mot Tor Anders Hauge og Bjarte Midttveit.

### Tur til Herdla

Flotte nyoppussa lokale møtte gjengen på 15 som deltok på turen til Herdla denne gongen. Turen gjekk helga 14. - 15. januar, som har vist seg å vera ei fin tid å arrangera ein slik tur på. Det blei spelt 2 parturneringar og ei singleturnering denne gongen. I tillegg til mykje bridge var det som vanleg god mat og drikke + mykje lått og løye. Her er eit par bilete frå årets tur:



Flotte nyoppussa lokale på Herdla.





Birgit og Marit mot Per og Hans Victor

### NM klubblag

Tre lag med spelarar frå klubben deltok i turneringa denne sesongen. Carl-Otto Curran på Heimdal 5 nådde ikkje tredjerunde denne gongen. I tillegg til Carl-Otto spelte Christian Fredrik Johnsen, Kay Strand og Steinar Nilssen på laget.

Os BK, med Leif Juvik, Kåre Kristiansen, Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Joleiv Midttveit og Tor Anders Hauge på laget nådde tredje runde, men der blei det eit knepent tap mot Stryn BK.

Lengst nådde Klepp BK 2 med Thea Hauge på laget. Dei nådde 4. runde, der det blei tap mot Båro BK. I tillegg til Thea spelte John Helge Herland, Jan Fjælberg, Jan Erik Olsen, Fred Arne Moen og Karl Christian Baumann på laget.

### Seriemesterskapet 2022 - 2023

Seriemeisterskapet blei spelt over to helgar, ei på haustparten og ei i månadsskiftet januar/februar. Her er resultatata frå avdelingar med våre medlemmer involvert.

#### 2. divisjon avdeling C, Lillehammer (12 lag)

Lag Våge, med Thea Hauge på laget spelte her og det blei eit kjemperesultat for dei då dei vann avdelinga og dermed speler 1. divisjon neste sesong. I tillegg til Thea spelte desse på laget: John Kristen Våge, John Helge Herland, Robert Olsen, Ingmund Bjørkan og Hilde Aas.





Thea og laget som rykte opp til 1. divisjon komande sesong.

### 3. divisjon avdeling E, Skei (10 lag)

Lag Fagerbakke, med Bjørn Hauge og Frode Dyrstad på laget spelte i denne avdelinga. Laget blei nummer 6, og sikra dermed ny tredjedivisjonskontrakt neste sesong. I tillegg til Frode og Bjørn spelte Bjarte Haugland og Rune Fagerbakke på laget.

### 3. divisjon avdeling F, Aksdal/Bergen (10 lag)

Lag Juvik, med Leif Juvik, Kåre Kristiansen, Joleiv Midttveit, Kåre Aasen og Tor Anders Hauge spelte i denne. Det blei ei tung turnering. Laget hamna sist og rykkjer dermed ned til neste sesongs 4. divisjon.

### 4. divisjon, Hordaland, Bergen (6 lag)

Lag Pepita Makri, med Tarjei Vangdal på laget spelte i denne avdelinga. Laget hamna på sjetteplass og dermed ikkje opprykk. Forutan Tarjei spelte Pippi Steen, Per Halvorsen, Margot Alfheim og Krista Tharaldsen på laget.

## Kretsmesterskap for par

KM par blei spelt på Hop skole laurdag 6. mai. 14 par deltok, 4 av dei frå Os. Best gjekk det for Bjørn Hauge - Tor Anders Hauge med 4. plass. Men med kun 1 finaleplass å spela om blir det ikkje representantar frå klubben i NM-finalen denne gongen.

## Servering

Etter at Florence Østrem flytta til austlandet sommaren 2019 har vi ikkje hatt nokon til å laga vaflar og pannekaker som tidlegare. På spelekveldane har vi no normalt nytrekt kaffi og noko ferdigkjøpt, til dømes lefser eller kaker.

## Økonomi

Rekneskapen denne gongen omfattar 18 månaders drift, frå 1. mai 2021 til 31. desember 2022. Dette skuldast lotteritilsynets reglar for momskompensasjon, der det krevs rekneskap som følgjer kalenderåret. Vi vil for framtida gjera det. Dei siste 18 månadene viser rekneskapen eit overskot på 10 413.- for Os BK og eit underskot på 95 770.- for juniorklubben. Det store underskotet i juniorklubben skuldast i hovudsak tilskot mottatt i forrige rekneskapsperiode til å arrangera Os junior open. Turneringa blei arrangert i mars 2022, så utgiftene ligg på denne perioden.

## Speleavgift

Årsmøtet mai 2019 vedtok å auka kveldskontigenten til kr. 70.- pr. spelekveld, men med høve til å betala for alle kveldane samla (2 gonger pr. sesong) til kroner 60.- pr. kveld. Ca 10 medlemmer betalte kveldskontigenten på sistnemnde måte denne sesongen, og vi satsar på å halda fram med den også komande sesong.

## Resultatoversikt

Finale NM klubblag 2022, 19. - 22. mai 2022, Kragerø Resort Stabbestad (8 lag)

7. Klepp BK 5; John Helge Herland, Thea Hove Hauge, Åse Langeland. Jan Erik Olsen, Karl Christian Baumann, Jan Fjælberg

---

Skulemeisterskapet 2022, Birkebeineren hotell og leiligheter, Lillehammer, 26. - 27. mai 2022 (22 lag)

15. Lunde Barneskule; Solveig Dræge, Sienna Vangdal, Herman Moberg, Anniken Moberg

19. Nore Neset Barneskule; Nora Rasmussen, Randi-Helene Baldersheim, Torbjørn Mo, Reni Mjølkeråen

---

Marit Sveaas Internasjonale bridgeturning, hovudturning, Scandic Lillehammer Hotel , 26. - 28. mai 2022 (99 par)

35. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad

96. Tarjei Vedå Vangdal - Anders Drage, Os BK/Bergen Akademiske BK

Marit Sveaas Internasjonale bridgeturning, lagturning, Scandic Lillehammer Hotel , 28. - 29. mai 2022 (7 lag)

5. Bjørnafjorden; Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Rune Fagerbakke, Bjarte Haugland, Os BK/Os BK/Austevoll BK/Austevoll BK

---

Storefjellfestivalen 2022, Storefjell Resort Hotell Golsfjellet, 1. - 6. juni 2022

Nipstad minneturning, del 2, 3. juni (49 par)

6. Anders Østrem - Tor Anders Hauge

Bridge for alle, nummer 6, 4. juni (26 par)

22. Anders Østrem - Tor Anders Hauge

Storefjellturneringen 2022, 4 - 6. juni (13 par)

1. Anders Østrem - Tor Anders Hauge

Bridge for alle, nummer 8, 5. juni (29 par)

1. Anders Østrem - Tor Anders Hauge

---

Bridgefestivalen 2022, Scandic Lillehammer, 5. - 13. august 2022

Åpningsturnering 5. august (48 par)



8. Verina Dahl - Anders Østrem, Nøtterøy BK/Os BK  
13. Leif Fjellro - Sverre Audun Haarde, Os BK - Ølen BK

Festivalpar 1, 6. august (13 par)

13. Leif Fjellro - Tore Berge, Os BK/Lyngdal BK

Festivalpar 2, 7. august (20 par)

7. Leif Fjellro - Sverre Audun Haarde, Os BK - Ølen BK

NM mix par. 6. - 7. august (143 par)

28. Thea Hove Hauge - John Helge Herland, Os BK/Klepp BK

Festivalpar 3, 8. august (23 par)

6. Bjørn Hauge - Knut Ottem, Os BK/Bridgesenteret BK  
7. Egil Nerheim - Leif Fjellro, Søgne BK/Os BK

Festivalhandicap 2, 8. august (20 par)

7. Bjørn Hauge - Anne Linda Hove

NM mix lag. 8. - 9. august (73 lag)

55. Diamond Underdogs, Gjermund Rekstad, Erleta Plana, John Helge Herland -  
Thea Hauge; Stavanger BK/Sandnes Juniorbridgeklubb/Klepp BK/Os BK

IMP over feltet, 8. - 9. august (12 par)

3. Niels Krøjgaard - Leif Fjellro, NBF utland/Os BK

Festivalhandicap 3, 9. august (31 par)

7. Mona Nordbø - Leif Fjellro, Sotra BK/Os BK

Kveldskos 3, 9. august (17 par)

11. Ralph Buchmann - Leif Fjellro, Trondhjems BK/Os BK
-

BK Missklikk jubileumsturnering, Realbridge 11. september 2022 (30 par)

11. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad

---

BK Missklikk Mix, Realbridge 2. oktober 2022 (40 par)

1. Bjørn Hauge - Thea Hauge

---

KM lag Rogaland, Tjensvoll bydelshus 8. oktober 2022 (14 lag)

5. Presidenten; Åse Langeland, Jan Erik Olsen, Thea Hauge, John Helge Herland

---

BM lag 2022, oktober/november 2022, Relabridge (6 lag)

Grunnspel

5. Bjørnafjorden; Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Tor Anders Hauge, Joleiv Midttveit, Rune Fagerbakke, Bjarte Haugland; Os BK/Os BK/Os BK/Os BK/Austevoll BK/Austevoll BK

Sluttspel. 26. november 2022, Hop skole

4. Bjørnafjorden

---

NM klubblag 2022- 2023 (182 lag)

Os BK; Leif Juvik, Kåre Kristiansen, Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Joleiv Midttveit, Tor Anders Hauge

Heimdal BK 5; Carl-Otto Curran, Christian Fredrik Johnsen, Kay Strand, Steinar Nilssen

Klepp BK 2; John Helge Herland - Thea Hove Hauge, Jan Fjælberg, Jan Erik Olsen, Fred Arne Moen, Karl Christian Baumann

1. + 2. runde

Bergen Akademiske BK 3 - Os BK

55 - 65

7.82 - 12.18

Os BK - Melandsknekten BK	90 - 5	20.00 - 0.00
Heimdal BK 1 - Heimdal BK 5	84 - 63	13.94 - 6.06
Heimdal BK 5 - Heimdal BK 3	61 - 145	0.05 - 19.95
Klepp BK 2 - Stavanger Pensjonistbridge	0 - 0	12.00 - 8.00
Klepp BK 6 - Klepp BK 2	67 - 70	9.30 - 10.70

Os BK og Klepp BK 2 til tredje runde.

### 3. runde

Os BK - Stryn BK	62 - 68
Kristiansands BK 1 - Klepp BK 2	89 - 99

Klepp BK 2 til fjerde runde

### 4. runde

Båro BK - Klepp BK 2	107 - 53
----------------------	----------

Alle "våre " er dermed ute.

### NM junior, 22. - 23. oktober 2022, Sandnes (22 par)

- 8. Thea Hove Hauge - Thea Indrebø; Os BK/KGB Klyve-Gulset BK
- 12. Joakim Sæther - Carl-Otto Curran; Melhus BK/Os BK

### Rekrutt (19 par)

- 2. Sienna Vedå Vangdal - Solveig Dræge; Os juniorbridgeklubb
- 9. Linnea Vedå Vangdal - Anniken Moberg; Os juniorbridgeklubb
- 14. Herman Moberg - Torbjørn Mo; Os juniorbridgeklubb
- 16. Reni Mjølkeråen - Ingrid Lyhammer Solberg; Os juniorbridgeklubb
- 19. Nora Lekven Rasmussen - Randi-Helene Baldersheim; Os juniorbridgeklubb



## Seriemeisterskapet 2022 - 2023

### 2. divisjon avd. C, Lillehammer (12 lag)

1. Midt-Trøndalag 4, John Kristen Våge, John Helge Herland, Robert Olsen, Ingmund Bjørkan, Thea Hove Hauge, Hilde Aas Nøst/Studentenes BK/Klepp BK/Studentenes BK/Studentenes BK/Os BK/Studentenes BK.

Laget rykker opp til neste sesongs 1. divisjon.

### 3. divisjon avd. F, Akrdal/Bergen (10 lag)

10. Hordaland 7; Leif Juvik, Kåre Kristiansen, Joleiv Midttveit, Tor Anders Hauge, Kåre Aasen

Laget rykker ned til neste sesongs 4. divisjon

### 3. divisjon avd. E, Førde (10 lag)

6. Hordaland 9; Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Rune Fagerbakke, Bjarte Haugland; Os BK/Os BK/Austevoll BK/Austevoll BK

### 4. divisjon, Bergen (6 lag)

6. Pepita Makri; Pippi Steen, Per Halvorsen, Tarjei Vangdal, Margot Alfheim, Krista Tharaldsen/Åsane BK/Åsane BK/Os juniorbridgeklubb/Åsane BK/Åsane BK

---

### Os juniorbridgeklubb, juleavslutning, 9. desember 2022, Bjørnafjorden bibliotek (9 par)

1. Oda - Mie
  2. Ole Morten - Linnea
  3. Torbjørn - Isak
  4. Leah - Jenny
  5. Reni - Anniken
  6. Sienna - Solveig
  7. Ingrid - Randi-Helene
  8. Herman - Anders
  9. Nora - Louise
-

Bridge for alle, Tenerife 9. - 28. januar 2023

Turnering 1 A, 9. januar 2023 (55 par)

42. Leif Fjellro - Jan Ivar Wannberg, Os BK/Ølen BK

Turnering 2 A, 10. januar 2023 (56 par)

8. Leif Fjellro - Kristen Asbøll Vestad, Os BK/Konnerud BK

Turnering 3 A, hovudturnering, 11. - 12. januar 2023 (61 par)

31. Leif Fjellro - Jan Ivar Wannberg, Os BK/Ølen BK

Turnering 4 B, 13. januar 2023 (18 par)

4. Leif Fjellro - Leif Arne Halleraker, Os BK/Sauda BK

Turnering 5 A, 14. januar 2023 (46 par)

44. Leif Fjellro - Tore Bårdsen, Os BK/Kopervik BK

Turnering 6 B, 16. januar 2023 (44 par)

41. Leif Fjellro - Ove Omland, Os BK/Ryfylke BK

Turnering 7 A, 17. januar 2023 (18 par)

18. Leif Fjellro - Sverre Audun Haarde, Os BK/Ølen BK

Turnering 8 A, hovudturnering, 18. - 19. januar 2023 (75 par)

54. Leif Fjellro - Sverre Audun Haarde, Os BK/Ølen BK

Turnering 8 B, hovudturnering, 18. - 19. januar 2023 (45 par)

39. Anne Linda Hove - Bjørn Hauge

Turnering 9 A, 20. januar 2023 (68 par)

54. Leif Fjellro - Anders Klovning, Os BK/Utsira BK

Turnering 10 A, 21. januar 2023 (50 par)

39. Leif Fjellro - Pål Eirik Jensen, Os BK/Sørreisa BK

Turnering 11 A, 23. januar 2023 (58 par)

36. Leif Fjellro - Sverre Audun Haarde, Os BK/Ølen BK

Turnering 11 B, 23. januar 2023 (45 par)

2. Linda Rasmussen - Kate Fauskanger, Os BK/Bergen Akademiske BK

Turnering 12 - Mix, 24. januar 2023 (59 par)

52. Leif Fjellro - Bente Irene Holmen, Os BK/Søgne BK

Turnering 12 B, 24. januar 2023 (17 par)

2. Linda Rasmussen - Kate Fauskanger, Os BK/Bergen Akademiske BK

Turnering 13 A, hovudturnering, 25. - 26. januar 2023 (48 par)

4. Leif Fjellro - Frits Olufsen, Os BK/BK Mix Tromsø

Turnering 13 B, hovudturnering, 25. - 26. januar 2023 (42 par)

6. Linda Rasmussen - Kate Fauskanger, Os BK/Bergen Akademiske BK

Turnering 14 B, 27. januar 2023 (36 par)

13. Linda Rasmussen - Kate Fauskanger, Os BK/Bergen Akademiske BK

24. Leif Fjellro - Wenche Nesse, Os BK/Sjømannsbridgen BK

Turnering 15 B, 28. januar 2023 (17 par)

4. Leif Fjellro - Håvard Nordvik, Os BK/Utsira BK

---

Juniorfestival Realbridge, 22. januar 2023

U 26 (10 lag)

4. Norge blå, Thea Hauge, Mia Eline Statle, Agnethe Hansen Kjensli, Thomas Tøsse, Os BK/Vestvågøy BK/Nesodden BK/Heimdal BK

U 16 (10 bord Michell med IMP)

10. Sienna Vedå Vangdal - Solveig Dræge

---

Realbridge online lag, vår 2023, Realbridge

Begynnerklasse (10 lag)

4. Helan og Halvan; Elisabeth Østrem, Anne Mette Abrahamsen, Linda Rasmussen, Kate Fauskanger, Tarjei Vangdal/Tønsberg BK/Tønsberg BK/Os juniorbridgeklubb/Bergen Akademiske BK/Os juniorbridgeklubb

### Semifinale

Helgeland Juniorbridgeklubb - Helan og Halvan 69 - 18

### Åpen klasse, pulje F (8 lag)

4. Tor Anders Hauge, Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Kåre Aasen, Leif Juvik, Kåre Kristiansen, Daniel Bjørge

### Mellomrunde

Kongen, knekten & to flotte damer - Bjørnafjorden 54 -

### Åttendelsfinale

Norsk prodarts - Bjørnafjorden 116 - 43

---

Os juniorbridgeklubb, hyttetur Solhovden, Kvamskogen, 18. - 19. februar 2023

### Simultantturnering, lokale resultat (5 par)

1. Linnea Vedå Vangdal - Anniken Moberg
  2. Torbjørn Mo - Herman Moberg
  3. Jenny Marie Gaassand - Leah Emilie Fortun
  4. Randi-Helene Baldersheim - Sienna Vedå Vangdal
  5. Ingrid Lyhammer Solberg - Reni Mjølkeråen
- 

MSIBT Online PRO/AM Auction Tournament 2023, 19. februar 2023, realbridge (137 par)

78. Tor Anders Hauge - Helge Hantveit, Os BK/Bergen Akademiske BK

---

U 16-samling, Trondheim, 24. - 26. februar 2023

25. februar, lag, total butler (12 par)

5. Sienna Vedå Vangdal - Solveig Dræge



26. februar, par (16 par)

6. Sienna Vedå Vangdal - Solveig Dræge

---

Fagernesturneringa 2023, 4. mars 2023, Fagernes (32 par)

15. Tor Anders Hauge - Anders Østrem, Os BK/Tønsberg BK

---

NM damelag 2023, Lillehammer. 10. - 12. mars

Velkomstturnering (8 par)

7. Linda Rasmussen - Kate Fauskanger, Os BK/Bergen Akademiske BK

Hovudturnering (16 lag)

15. Helan og Halvan, Elisabeth Østrem, Anne Mette Abrahamsen, Linda Rasmussen, Kate Fauskanger/Tønsberg BK/Tønsberg BK/Os juniorbridgeklubb/Bergen Akademiske BK

---

KM lag NBF Hordaland, 18. mars 2023, Hop skole, Bergen (6 lag)

3. Lag Henden, Martin Ivar Henden, Kjell Asbjørn Helland, Tor Anders Hauge, Leif Fjellro; Åsane BK/Åsane BK/Os BK/Os BK

5. Lag Dræge, Anders Dræge, Eivind Thorvaldsen, Bjørn Hauge, Frode Dyrstad; Bergen Akademiske BK/Bergen Akademiske BK/Os BK/Os BK

---

Jærpåskan 2023, 7. april 2023, festsalen Klepp rådhus (29 par)

17. Thea Hauge - John Helge Herland, Os BK/Klepp BK

---

KM par, NBF Hordaland, 6. mai 2023, Hop skole (14 par)

6. Bjørn Hauge - Tor Anders Hauge

7. Leif Juvik - Kåre Kristiansen

11. Bjarne Vågen - Tarjei Vangdal

11. Reidar Tore Dale - Carl-Otto Curran

---

Maibridge 2023, 13. mai 2023, Bømlo Hotell, Rubbestadneset (32 par)

1. Thea Hove Hauge - John Helge Herland, Os BK/Klepp BK
4. Leif Juvik - Tarjei Vangdal
9. Rune Fagerbakke - Frode Dyrstad, Austevoll BK/Os BK
29. Torvald Torgersen - Wenche Torgersen, Rubbestadneset BK/Os BK
32. Kate Fauskanger - Linda Rasmussen, Bergen Akademiske BK/Os BK

# Os Bridgeklubb 2022

## Inntekter

Kvelds og årskontingent – bank	9 490
Kvelds og årskontingent mm – vipps	67 079
Kontant kiosk	2 472
Grasrotandel	33 393
Momskompensasjon	4 838
Andre inntekter	0
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>117 272</b>

## Utgifter


Leige av lokaler	55 500
Premier	522
Kontingent NBF	12 200
Diverse NBF	13 865
Varekjøp	11 152
Annonse/reklame	0
Gebyr	180
Andre kostnader	6 328
Støtte	7 900
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>107 647</b>


Renteinntekter og utbytte 788

**Resultat 10 413**

Balanse pr. 31.12.2022	
Brukskonto	103 005
Sparekonto	5 516
	108 521

\* Renneskaperen denne gongen omfattar drifta frå 1. mai 2021 - 31. desember 2022.  
Dette for å tilfredsstilla lotteritilsynets krav for momskompensasjon.  
Rekneskaperen vil for framtida følgja kalenderåret.

  
Leiar Os bridgeklubb

  
Kåre Kristinsen

# Os juniorbridgeklubb 2022

## Inntekter

Kontingenter	0
Grasrotandel	7 472
Tilskudd juniorarbeid	170 500
Momskompensasjon	1 755
Diverse	24 050
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>203 777</b>

## Utgifter

Kontingenter	100
Varekjøp	29 718
Gebyr	566
Støtte turneringsaktivitet	143 322
Premier	39 538
Klubbkvelder	30 408
Annonsering	7 875
Møter	1 358
Diverse	47 040
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>299 925</b>

Renteinntekter og utbytte 378


**Resultat -95 770**

## Balanse

Bankinnskudd pr. 31. desember 2022 61 035

\* Renneskaperen denne gongen omfattar drifta frå 1. mai 2021 - 31. desember 2022. Dette for å tilfredsstilla lotteritilsynets krav for momskompensasjon. Rekneskaperen vil for framtida følgja kalenderåret.

Kåre Kristinsen



Linda Rasmussen